



SFE

HALVÅRSRAPPORT 2021

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Halvårsrapport 2021

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) oppnådde eit resultat etter skatt i første halvår i 2021 på 137 mill. kr. Resultatet er 3 mill. kr lågare enn for 1. halvår i fjor. Kraftprisen i NO3 var 35,9 øre/kWh i første halvår. Dette er ein kraftig auke frå 10,9 øre/kWh i første halvår i fjor. Inntektsføring av urealiserte gevinstar på kraftkontrakter 1 halvår 2020 på 94 mill. kr er grunnen til at resultatet etter skatt 1. halvår 2021 ikkje viser auke samanlikna med året før.

Konsernet

SFE-konsernet sine hovudforretningsområder er kraftproduksjon og nett. Konsernet SFE består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde datterselskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Linja AS, Lutelandet Energipark AS og Bremangerlandet Vindpark AS. Datterselskapa Svelgen Kraft Holding AS og Svelgen Kraft AS, som er eigd 56% av SFE Produksjon AS inngår også som ein del av SFE-konsernet. Wattn AS, Eninvest AS, Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Gloppen Energi AS og Falck Renewables Vind AS er tilknytta selskap til konsernet.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane Holding AS:	49,5 %
BKK AS:	36,8 %
6 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord:	13,7 %

Rekneskapen for SFE er avlagt etter IFRS-reglane.

1. halvår 2021

Rekneskapen for 1. halvår 2021 viser eit overskot for SFE-konsernet på 137 (140) mill. kr etter skatt (tal for 1. halvår 2020 i parentes).

Gjennomsnittleg kraftpris 1. halvår i NO3, var 35,9 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg pris 1. halvår i fjor 10,9 øre/kWh. Kraftproduksjonen 1. halvår var 940 GWh (937 GWh). Nettoinntekta frå sal av kraft er redusert med 8 mill. kr samanlikna med fjoråret, men i fjorårets inntekt var det inkludert urealiserte verdiendringar på kraftkontraktar på 94 mill. kr. Frå 2020 sikringsbokfører SFE dei finansielle kraftkontraktane slik at det ikkje er urealisert verdiendring på kraftkontraktar inkludert i kraftinntekta for 1. halvår. Om ein tek omsyn til denne prinsippendringa er derfor kraftinntektene i 1. halvår i år 86 mill. kr høgare enn i 2020.

Transportert mengde i nettet var 828 GWh. Tilsvarende mengde 1. halvår i fjor var 396 GWh. Av denne svært kraftige auken er 384 GWh pga endra klassifisering av nettanlegg. Nettanlegg som tidlegare var klassifisert som transmisjonsnett er frå 2021 klassifisert som regionalt distribusjonsnett og inngår derfor i transport mengde for 1. halvår 2021. Den resterande auken på 48 GWh kan forklarast med generell forbruksauke, mellom anna pga ein kald vinter, og auka forbruk hos ein stor næringskunde.

Nettverksemda har eit driftsresultat 1. halvår på 77 mill. kr. Dette er ein stor auke på 50 mill. kr frå 2020 då vi hadde eit driftsresultat på 27 mill. kr på området.

Rekneskapsreglane etter IFRS seier at det er fakturert nettleige som skal inntektsførast og ikkje den årlege inntekta NVE fastset at nettselskap kan krevje inn frå sine kundar. Spesielle forhold gjorde at det i 2020 var ei nettinntekt på 26 mill. kr som normalt ville vore fakturert i 1. halvår som først vart fakturert i 2. halvår. Utover dette forholdet er det i 2021 eit resultatløft på 20 mill. kr på nettområdet samanlikna med året før.

Nettariffane er redusert med 5% samanlikna med 1. halvår 2020. Dette gjev lågare nettleige for kundane, men reduserer også Linja sine inntekter tilsvarende.

Driftsresultatet målt etter NGAAP-reglane er 39 mill. kr som er 4 mill. kr betre enn i 1. halvår i fjor.

I september 2020 slo Tafjord Kraft, Tussa Kraft og SFE saman dei tre konserna sine respektive kraftselskap til ei ny felles satsing for å legge til rette for god kundeservice, konkurransedyktige prisar og auka lønsemd. Seinare har også tilsvarende verksemd i Sognekraft blitt innlemma i sluttbrukselskapet Wattn AS. SFE eig 27,5% av aksjane i selskapet. Wattn vert rekneskapsført i SFE som eit tilknytt selskap medan det tidlegare datterselskapet SFE Kraft inngjekk i SFE sitt konsernrekneskap for 1. halvår 2020.

Østerbø kraftverk i Høyanger kommune starta produksjon hausten 2020. SFE er eigar av kraftverket som har ein samla årleg produksjonskapasitet på 165 GWh. BKK har rett til å disponere 42% av produksjonen mot å dekke tilsvarende del av kostnadane. SFE disponerer såleis sjølv 58% av produksjonen. I tillegg har SFE Jølstra kraftverk i Sunnfjord kommune og Lutelandet vindkraftverk i Fjaler kommune under bygging. Jølstra kraftverk vil få ein netto produksjonskapasitet på 207 GWh. Forventa produksjonsstart er hausten 2021. SFE eig 50% av Jølstra Kraft DA som er eigar av kraftverket. BKK eig dei resterande 50%. Installert effekt på Lutelandet vindkraftverk vil vere 51 MW og berekna årleg produksjon er 150 GWh fordelt på ni vindturbinar kvar på 5,7 MW. Forventa produksjonsstart er i 4. kvartal 2021.

HMS

SFE har eit sjukefråvær på 2,8 % pr. 01.07.2021, fordelt på 1,1% kortidsfråvær og 1,7% langtidsfråvær. Dette er lågare enn 1. halvår i fjor då sjukefråværet var 3,3%.

Sjukefråværet er svært lågt og det er naturleg å tru at deler av reduksjonen skuldast Covid-19 situasjonen med generelt låge tal på influensasjuka, samt at stor grad av heimekontor har gjort det enklare å vere i arbeid ved lettare sjukdomstilfelle.

HMS-visjonen til SFE er «Like heil – både inni og utanpå». Hovudfokuset vårt er leing og åtferd for å oppnå langsiktige resultat. Kvar tilsett gjev eit bidrag for å sikre ein trygg kvardag ved sin åtferd og handling. Leiarane må vise veg ved å vere tydelege på kor vi skal og gjere det vi seier. HMS-løftet til SFE er «Eg går ikkje forbi».

SFE føl målsettinga til bransjen, med 15% årleg reduksjon i skadetal. Skadetalet er lågt og fråværsdagar knytt til skadar vil variere, ut frå type skade som har skjedd. Vi har ingen alvorlege skadar i halvåret. HMS er eit langsiktig og kontinuerleg arbeid som skjer i organisasjonen og gjennom HMS-prosjektet «Like Heil». For H2 (tal skadar med og utan fråvær siste 12 mnd pr 1 mill arbeidde timar) er måltalet 4,8. I første halvår 2021 har vi ei skade utan fråvær, og ein skade med fråvær, dette gir ein H2 verdi på 10,2.

Resultatrekneskap og kontantstraum

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 743 (595) mill. kr. Driftsresultatet vart 239 (175) mill. kr. I 2020 utgjorde urealisert gevinst på finansielle kraftkontraktar på 94 mill. kr ein vesentleg del av driftsresultatet. Sidan finansielle kraftkontraktar vert sikringsbokført i 2021 inngår ikkje urealiserte gevinstar eller tap på finansielle kraftkontraktar i driftsresultatet for siste halvår. Resultatet før skatt er 246 (175) mill. kr. Urealisert verdiending på aksjepostar på 18 mill. kr og reversering av rentekostnader knytt til forplikting til BKK på salsopsjon Østerbø på 16 mill. kr gjer at vi har netto finansinntekter på 6 mill. kr i første halvår. Resultatet etter skatt er på 137 (140) mill. kr. Det er i 1. halvår belasta 50 (34) mill. kr i overskotsskatt og 58 (0,5) mill. kr i grunnrenteskatt. Det er høgare kraftprisar enn i 1. halvår 2020 som er grunnen til den store auken i grunnrenteskatt.

Driftsaktivitetar viser ein kontantstraum på 219 (-19) mill. kr. Dei to viktigaste grunnane til den betra kontantstraumen frå drift er betra resultat før skatt med 71 mill. kr og reduksjon i betalte skattar med 124 mill. kr. Betalte skattar i halvåret er skattar som vart utlikna for skatteåret 2020. Svært låge kraftprisar i 2020 gav ein svært stor reduksjon i grunnrenteskatten som er betalt 1. halvår 2021. Det er betalt ut 406 (298) mill. kr i kjøp og tilvirking av fysiske driftsmiddel i 1. halvår. Dette inkluderer forskotsbetaling til leverandørar som er gjort i 1. halvår 2021. 192 mill. kr av dette er

investeringar i kraftproduksjon der bygging av Jølstra vasskraftverk og Lutelandet vindkraftverk står for ein stor del av investeringa. Investering i nettanlegg i 1. halvår er på 214 mill. kr. Forskotsbetaling 30.juni for kjøp av anlegg frå Statnett 1. juli utgjør 151 mill. kr av dette beløpet. SFE har dei siste åra investert årleg ca. 150-200 mill. kr i forsterking og utviding av linjenettet for å sikre leveringstryggleik og nettilgang til ny kraftproduksjon.

Balanse

SFE sin totalbalanse 30.06.21 er på 8.922 mill. kr. Konsernet har omløpsmiddel på 1.300 mill. kr og 7.622 mill. kr i anleggsmiddel.

Renteberande gjeld er 4.005 mill. kr, ein auke på 880 mill. kr frå 3.125 mill. kr for eit år sidan. Samstundes har konsernet ei likviditetsbeholdning i form av bankinnskott på 839 mill. kr, som er ein auke på 338 mill. kr frå 30.06.20.

Eigenkapitalen pr 30.06.21 er 3.176 mill. kr, det tilsvarar ein bokført eigenkapitaldel på 33,9%.

Framtidsutsikter

SFE produserte 2.100 GWh i 2020. Det er venta at årsproduksjonen for 2021 vert om lag like stor. Forventa kraftpris for 2. halvår er høgare enn kraftprisen vi hadde i 1. halvår på 35,9 øre/kWh (Områdepris NO3, Midt-Norge). Våre salskontrakter vert avrekna mot systempris, som store deler av 2021 har vore vesentleg høgare enn lokal områdepris. Dette gjer at SFE sitt resultat for 2021 ikkje fullt ut vil reflektere den høge prisen for 2021 sidan vi får ein kostnad med at vår produksjon og våre sikringskontrakter vert verdsett ut frå forskjellig pris. SFE ventar eit resultat for 2021 på nivå med resultatet i 2020 på 200 mill. kr.

Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Sandane, 30. august 2021

Sigurd Reksnes
-styreleiar-

Jannicke Hilland
-nestleiar-

Henrik Oppen
-styremedlem-

Olin Johanne Henden
-styremedlem-

Arvid Andenæs
-styremedlem-

Jan Helge Dale
-styremedlem-

Erling Austreim
-styremedlem-

Kjell Asle Bakkebø
-styremedlem-

Kevin Skinlo-Denton
-styremedlem-

Johannes Rauboti
-konsernsjef-



SFE

RESULTATREKNESKAP

(Beløp i 1000 kr)	1.halvår 2021	1.halvår 2020	Årsrekneskap 2020
Sal av kraft	416 148	359 612	545 448
Sal av overføringstenester	303 945	169 337	345 105
Andre driftsinntekter	23 338	66 173	199 810
SUM DRIFTSINNEKTER	743 431	595 121	1 090 364
Kjøp av kraft	134 259	69 492	113 284
Kjøp av overføringstenester	118 519	31 901	67 254
Løn og sosiale kostnader	80 471	87 394	166 454
Avskrivningar	95 745	84 152	164 726
Nedskrivningar	2 872	20 000	81 433
Eigedomsskatt/avgifter	33 204	37 395	58 974
Andre driftskostnader	38 986	89 850	186 330
SUM DRIFTSKOSTNADER	504 056	420 184	838 453
DRIFTSRESULTAT	239 376	174 938	251 910
Resultat frå investering i tilknytt selskap	1 974	3 528	6 359
Finansinntekter	41 497	38 630	55 656
Finanskostnader	36 787	42 082	93 658
NETTO FINANSKOSTNADER	-6 685	-76	31 643
RESULTAT FØR SKATT	246 060	175 013	220 267
Overskotsskatt	50 476	34 365	29 908
Grunnrenteskatt	58 170	477	-9 588
RESULTAT ETTER SKATT	137 414	140 171	199 948
Av dette minoritetsandel	7 926	26 146	24 339
Av dette SFE sin andel	129 488	114 025	175 609

UTVIDA RESULTAT

Ordinært resultat etter skatt	137 414	140 171	199 948
Postar som seinare kan klassifiserast til resultat:			
Kontantstraumsikring kraftavtaler etter skatt	-104 024	0	0
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter etter skatt	19 588	-36 120	-2 195
Kontantstraumsikring valutilån etter skatt	21 718	-29 627	-19 291
Postar som seinare ikkje kan reklassifiserast til resultat:			
Estimatavvik pensjoner etter skatt	-10 377	-35 460	-30 842
Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden	64 318	38 965	147 620
Av dette minoritetsandel	1 936	25 132	24 104
Av dette SFE sin andel	62 382	13 833	123 516

BALANSE



(Beløp i 1000 kr)

	30.06.21	30.06.20	31.12.20
EIGEDELAR			
Fallrett	1 944 739	1 944 739	1 944 739
Øvrige immaterielle egedelar	691 140	717 900	692 380
Varige driftsmiddel	4 429 059	4 517 806	4 609 955
Investering i tilknyttta selskap	353 743	195 914	353 068
Øvrige finansielle anleggsmiddel	188 194	159 646	167 113
Derivat	14 721	45 746	18 722
Anleggsmiddel	7 621 596	7 581 750	7 785 977
Varelager	30 131	35 534	30 627
Fordringar	428 894	237 999	280 040
Derivat	2 811	85 532	29 777
Kontanter og bankinnskot	838 761	500 578	561 382
Omløpsmiddel	1 300 596	859 642	901 825
SUM EIGEDELAR	8 922 192	8 441 392	8 687 802
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital	1 014 691	1 014 691	1 014 691
Opptent egenkapital	1 422 797	1 444 513	1 435 472
Minoritetsinteresser	585 971	717 063	716 034
Eigenkapital	3 023 458	3 176 266	3 166 198
Pensjonsforplikting	124 885	118 977	111 414
Utsett skatt	822 454	833 233	838 173
Andre forpliktingar	443 006	768 722	818 586
Rentebærande langsiktig gjeld	3 857 749	3 097 390	3 219 235
Derivat	44 016	59 579	30 528
Langsiktig gjeld	5 292 110	4 877 901	5 017 937
Rentebærande kortsiktig gjeld	147 238	27 238	177 238
Avsett utbytte	75 058	0	0
Betalbar skatt	60 877	37 780	27 696
Anna rentefri gjeld	267 697	300 259	286 669
Derivat	55 753	21 948	12 064
Kortsiktig gjeld	606 623	387 225	503 667
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	8 922 192	8 441 392	8 687 802



ENDRINGAR I EIGENKAPITAL

(Beløp i 1000 kr)	Innskoten eigenkapital	Anna eigenkapital	Kontant- straum- sikring	Sum opptent eigenkapital	Minoritets- interesser	Sum eigen- kapital
EIGENKAPITAL 01.01.2020	1 014 691	1 446 392	-15 710	1 430 680	691 931	3 137 302
Resultat 30.06.		114 025		114 025	26 146	140 171
Estimatavvik pensjoner		-35 460		-35 460		-35 460
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-35 106	-35 106	-1 014	-36 120
Kontantstraumsikring valutalån			-29 627	-29 627	0	-29 627
EIGENKAPITAL 30.06.2020	1 014 691	1 524 957	-80 443	1 444 513	717 063	3 176 266
Årets resultat		175 609		175 609	24 339	199 948
Utbetalt utbytte i 2020		-119 752		-119 752		-119 752
Andre endringer av eigenkapital		1 028		1 028		1 028
Estimatavvik pensjoner		-30 842		-30 842		-30 842
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-1 959	-1 959	-235	-2 195
Kontantstraumsikring valutalån			-19 291	-19 291		-19 291
EIGENKAPITAL 31.12.2020	1 014 691	1 472 434	-36 960	1 435 472	716 034	3 166 198
Resultat 30.06.		129 488		129 488	7 926	137 414
Avsett og utbetalt utbytte for 2020		-75 058		-75 058	-132 000	-207 058
Estimatavvik pensjoner		-10 377		-10 377		-10 377
Kontantstraumsikring kraftkontrakter			-97 864	-97 864	-6 160	-104 024
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			19 417	19 417	170	19 587
Kontantstraumsikring valutalån			21 718	21 718		21 718
EIGENKAPITAL 30.06.2021	1 014 691	1 516 487	-93 689	1 422 796	585 971	3 023 458

**SFE**

KONTANTSTRAUMANALYSE

(Beløp i 1000 kr)

30.06.2021 30.06.2020 31.12.2020

Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:

Ordinært resultat før skattekostnad	246 060	175 013	220 267
Betalte skattar i perioden	-70 561	-194 998	-194 829
Avskrivningar	95 745	84 152	164 726
Nedskrivningar	2 872	20 000	81 433
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	-52	-24 679	-35 113
Kostnad(+)/Inntekt (-) frå invest i tilknytt selskap utan kontanteffekt	-1 974	-3 528	-7 019
Gevinst sal kundeportefølge	0	0	-64 839
Urealisert verdiendring aksjepostar utan kontanteffekt	-11 209	-9 384	855
Urealisert verdiendring derivat og elsertifikat	0	-95 485	-969
Endring varelager	1 685	10 173	6 113
Endring i kundefordringar	19 078	35 616	37 298
Endring i leverandørgjeld	-46 727	-35 807	9 911
Endring i pensjonsforpliktingar	167	140	-5 207
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-15 872	19 711	3 995
NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR	219 212	-19 076	216 622

Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar:

Utbetalningar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-167 805	-297 590	-466 934
Utbetalningar av forskot på investeringar i varige driftsmiddel	-238 412	0	-96 380
Innbetalningar ved sal av varige driftsmiddel	1 409	24 953	27 221
Innbetaling ved sal av aksjar og andelar i andre foretak	937	25 010	44 007
Utbetalningar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	-281	0	-2 952
Utbetaling ved utlån	-4 000	0	-100
Innbetaling frå utlån	0	0	18 004
Kontanteffekt avgang datter	0	0	-80 226
Innbetaling av utbytte	600	210	660
Innbetalte renter	1 764	3 314	3 047
NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR	-405 788	-244 103	-553 653

Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar:

Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	520 000	200 000	500 000
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-13 619	-13 619	-27 238
Utbetalte renter	-42 424	-42 526	-74 496
Utbetaling av utbytte	0	0	-119 752
NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR	463 957	143 855	278 514

Netto endring i kontantar og ekvivalentar	277 379	-119 320	-58 517
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	561 382	619 899	619 899
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 30.06/31.12	838 761	500 578	561 382



Notar til halvårsrekneskapen 30.06.2021

Rammeverk og vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapen for Sogn og Fjordane Energi AS for 1.halvår 2021 er avslutta pr. 30.06.2021 og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) slik dei er godkjende av EU. Konsernrekneskapen omfattar Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) med datterselskap og tilknyttta selskap. Halvårsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering og vart vedteke i selskapet sitt styre 30.august 2021. Revisor har gjennomført forenkla revisorkontroll av halvårsrekneskapen.

Selskapet er notert på Oslo Børs med obligasjonslån.

Delårsrekneskapen gir ikkje informasjon i same omfang som årsrekneskapen og må derfor sjåast i samanheng med konsernet sitt årsrekneskap for 2020.

Note 2 Segmentinformasjon

Segmentrekneskapen vert avlagt etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegment i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjerder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene.

Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemd er organisert i ulike segment som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på segment, underkonsern og på selskap.

Segmentet Energi omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark AS. Svelgen Kraft Holding AS er eigd med 56% av SFE Produksjon og inngår som ein del av SFE-konsernet. Svelgen Kraft Holding AS eig 100% av aksjane i Svelgen Kraft AS.

Segmenta er:

Energi omfattar forvaltning av konsernet sin samla produksjonsportefølje frå heileigde og deleigde kraftverk med fysisk og finansiell krafthandel. Segmentet omfattar forvaltning av større sluttbrukarar sitt kraftbehov samt mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemd innanfor definerte rammer, samt sal av opphavsgarantiar og elsertifikat. Til og med 31.08.2020 omfatta segmentet også sal til sluttbrukandar.

Nettverksemda si hovudverksemd er overføring og distribusjon av elkraft. Selskapet driv elles utleige av fiber og noko entreprenørarbeid.

Sogn og Fjordane Energi AS er morselskapet i konsernet og yter hovudsakleg tenester internt i konsernet. Segmentet inkluderer pr. 30.06 også selskapa Elbåtlader DA, Skipskraft AS og Hyfuel AS.

Segmentresultat 30.06.2021

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Morselskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	677	340	33	-306	743
Driftsresultat	166	76	-2	0	239
Resultat etter skatt	64	57	17	0	137

Eigedelar og gjeld pr.segment 30.06.2021

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Morselskap	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	4 870	2 132	63	7 065
Øvrige anleggsmiddel	149	144	264	557
Anleggsmiddel	5 019	2 276	327	7 622
Omløpsmiddel	389	156	756	1 301
Sum eigedelar	5 407	2 432	1 083	8 922
Eigenkapital	1 858	605	560	3 023
Langsiktig gjeld	3 095	1 744	453	5 292
Kortsiktig gjeld	455	82	70	607
Sum gjeld og eigenkapital	5 407	2 432	1 083	8 922

Segmentresultat 30.06.2020

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Morselskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	433	199	47	-84	595
Driftsresultat	137	27	11	0	175
Resultat etter skatt	92	15	33	0	140

Eigedelar og gjeld pr.segment 30.06.2020

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Morselskap	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	5 081	1 968	131	7 180
Øvrige anleggsmiddel	202	125	75	402
Anleggsmiddel	5 283	2 093	206	7 582
Omløpsmiddel	361	143	356	860
Sum eigedelar	5 644	2 236	562	8 441
Eigenkapital	2 013	815	349	3 177
Langsiktig gjeld	3 534	1 304	40	4 878
Kortsiktig gjeld	97	117	173	387
Sum gjeld og eigenkapital	5 644	2 236	562	8 441

Segmentresultat 31.12.2020

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Morselskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	679	438	81	-108	1 090
Driftsresultat	168	74	10	0	252
Resultat etter skatt	100	49	51	0	200

Eigedelar og gjeld pr.segment 31.12.2020

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Morselskap	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	5 079	2 103	64	7 246
Øvrige anleggsmiddel	159	147	234	540
Anleggsmiddel	5 238	2 250	298	7 786
Omløpsmiddel	331	88	483	902
Sum eigedelar	5 569	2 338	781	8 688
Eigenkapital	1 972	544	652	3 168
Langsiktig gjeld	3 233	1 719	65	5 017
Kortsiktig gjeld	364	75	64	503
Sum gjeld og eigenkapital	5 569	2 338	781	8 688

Note 3 Spesifikasjon av urealiserte verdiendringar

Finansielle kraftkontrakter vart til og med 31.12.2020 rekneskapsført til verkeleg verdi. Frå og med 01.01.2021 er kraftderivat som sikrar inntekta frå kraftproduksjon sikringsbokført som kontantstraumsikring.

Tabellen under spesifiserar korleis urealiserte verdiendringar påverkar konsernet sitt resultat og utvida resultat.

Resultateffekt av urealiserte verdiendringar (mill kr)	30.06.2021			30.06.2020			2020		
	Urealisert	Realisert	Sum	Urealisert	Realisert	Sum	Urealisert	Realisert	Sum
Kraftkontrakter sikringsformål	-108	109	1	82	11	94	3	203	206
Kraftkontrakter trading	-13	0	-13	-11	1	-10	-16	3	-13
Valutakontrakter sikringsformål	0	-2	-2	0	-7	-7	0	-16	-16
Energisal	0	430	430	0	283	283	0	368	368
Sum inntekter frå energisal	-121	537	416	71	289	360	-13	558	545
Sum finansinntekter	18	26	43	10	32	42	1	54	56
Sum finanskostnader	0	-37	-37	0	-42	-42	0	-94	-94
Effekt av urealiserte verdiendringar i resultat før skatt	-103			81			-11		
Skatteeffekt av urealiserte verdiendringar	23			-18			3		
Effekt av urealiserte verdiendringar i resultat etter skatt	-80			63			-9		
Andre inntekter og kostnader som inngår i utvida resultat (etter skatt)									
Kontantstraumsikring kraftavtaler	-104			0			0		
Kontantstraumsikring valutaterminar	20			-36			-2		
Kontantstraumsikring valutalån	22			-30			-19		
Andre inntekter og kostnader som inngår i utvida resultat etter skatt	-63			-66			-21		

Valutaterminkontrakter som sikrar valutakursen på kraftinntekter i EUR blir sikringsbokført som kontantstraumsikring.

SFE nyttar også lån i EUR som sikringsinstrument i kontantstraumsikring av kraftinntekter i EUR. Renteswappar blir også nytta som sikringsinstrument som blir sikringsbokført. Vi har pr. 30.06.21 ein renteswap som blir sikringsbokført som verdisikring.

Note 4 Aktivitet i SFE-papir i første halvår 2021

Nye sertifikat-/obligasjonslån som er utstedt i perioden:

Børsticker (Oslo Børs)	ISIN	Utstedt	Forfall	Pålydende (MNOK)
	NO0011013658	03.06.21	15.09.26	250
	NO0011013666	03.06.21	03.06.31	300

SFE har også kjøp tilbake og sletta pålydende MNOK 30 i lån (Børsticker) SFEN48. Rest utestående beløp i dette lånet er MNOK 120 som har forfall 08.09.2021.

Konsernet har i juni 2021 forlenga løpetida på trekkrett på 500 MNOK med 1 år slik at endeleg forfallsdato no er 03.07.2024.

Note 5 Risikoforhold

SFE er utsett for ei mengde ulike risikoar gjennom si verksemd. Dette gjeld både finansielle og operasjonelle risikoar. Døme på operasjonelle risikoar er skade på egedelar som kraftverk og nettanlegg. Det er etablert forsikringsordningar som dekker skade på egedelar, tapt produksjon og skade på liv og eigedom i samband med t.d. brann, flaum eller oversvømmelsar etter dambrot. Når det gjeld finansielle risikoar som endringar i kraftpris, valutakursar og renter er det etablert strategiar for å kontrollere desse risikoforholda.

Etter eit ekstremt nedbørsrikt år i 2020, har det snudd i 2021. Kald vinter (høgt forbruk av elektrisitet) samt lite nedbør og lite vind i Norden, har redusert den hydrologiske balansen i Norge og Sverige frå å vere i pluss (+20 TWh) til minus (-10 TWh) etter sommaren 2021. Dette har bidrege til å løfte spotprisane frå ca. 10 øre/kWh i gjennomsnitt for 2021, til i overkant av 40 øre/kWh i gjennomsnitt for den nordiske systemprisen dei 6 første månadane i 2021. Auka energioverskot i nord-Skandinavia (utbygging av fornybar), har gitt store forskjellar i områdepris i år. Særleg Nord-Norge (NO4) ligg lågare enn prisområda i sør, men også Midt-Norge (NO3) har hatt lågare spotprisar (i gjennomsnitt ca. 7 øre/kWh lågare enn systempris og 12 øre/kWh lågare enn NO5).

Status i kraftmarknaden etter sommaren er lågare fyllingsgrad i vassmagasina i Norge enn medianen samt høgare prisar på brensel og CO2-kvotar i Europa. CO2-kvotepriisen har stige kraftig ettersom EU har formalisert og vedtatt ei innstramming i fornybarmåla fram mot 2030 – noko som inneber redusert tilbod av CO2-kvotar til t.d kraftproduksjon frå kol og gass. Normaliseringa av den globale økonomien etter Covid-19 er til dels trøblete: nye utbrot i Asia og ikkje minst flaskehalsar i globale forsyningskjedar, har gitt kraftig prisauke på det meste av varer, inkludert kol og gass. Samla sett har dette gitt eit kraftig løft i terminprisane på kraft i Norden og Europa for komande vinter (venta ca. 60 øre/kWh nordisk systempris for Q4-21 og Q1-22), men også løfta særleg dei kontinentale terminprisane frå 2023 og utover.

Koronapandemien

Etter utbrotet av Covid-19 har SFE sett i verk ei rekke tiltak for å oppretthalde leveringstryggleiken. SFE følgj retningslinjene frå Folkehelseinstituttet og dei råda som myndigheitene til ei kvar tid gir. I samsvar med gjeldande beredskapsplanar er det sett i verk tiltak for å skjerme våre tilsette slik at risikoen for smitte vert redusert, med anna med bruk av heimekontor og oppdeling av kritisk viktig personell i mindre driftseiningar. Tiltaka har så langt berre hatt mindre konsekvensar for SFE sin aktivitet, mellom anna knytt til rehabilitering- og investeringsprosjekt.

For ytterlegare informasjon om risikoforhold SFE er utsett for viser vi til notane i årsrekneskapen for 2020.

Note 6 Pensjonskostnader- og forpliktingar

SFE sine pensjonsplanar omfattar både ytelsesplan og innskotsplanar. Ytelsesplan i sikra ordning SFE og datterselskapa har to parallelle pensjonsordningar som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningar.

SFE og datterselskapa har ei offentleg, kollektiv pensjonsordning i BKK pensjonskasse som er lukka. Pensjonsordninga er ei bruttoordning tilsvarande offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ei bestemt framtidig pensjonsytning basert på talet på år med opptening og lønsnivået ved pensjonsalder. Ytelsesplanen omfattar alders-, uføre-, etterlatte og barnepensjon.

Følgande føresetnader er brukt i berekningane:	30.06.21	31.12.20
Årleg avkasting	2,00%	1,50%
Diskonteringsrente	2,00%	1,50%
Årleg lønnsvekst	2,50%	2,00%
Årleg vekst G-beløp	2,25%	1,75%
Regulering av løpande pensjonar	1,50%	1,00%
AFP-uttak	25 % ved 62 år	25 % ved 62 år
Demografiske føresetnader ved dødelighet og uførhet	K2013BE/K63	K2013BE/K63

For ytterlegare informasjon om pensjonskostnad- og forplikting for SFE viser vi til note 14 Pensjon i årsrekneskapen for 2020.

Note 7 Driftsinntekter

30.06.21 (Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum
Sal av kraft engros	589	2	0	-175	416
Sal av overføringstenester	0	326	0	-22	304
Andre driftsinntekter	88	11	33	-109	23
Sum driftsinntekter	677	340	33	-306	743

30.06.20 (Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum
Sal av kraft engros	305	0	0	-4	301
Sal av kraft sluttbruk	59	1	0	0	60
Sal av overføringstenester	0	176	0	-8	168
Andre driftsinntekter	69	22	47	-72	66
Sum driftsinntekter	433	199	47	-84	595

Note 8 Anna informasjon

Opsjon Østerbø kraftverk

SFE eig 58% og BKK 42% av Østerbø kraftverk. Inntil 6 månader etter overlevering av kraftverket til driftsorganisasjonen i januar 2021, hadde BKK ein rett til å tre ut av samarbeidsprosjektet ved at SFE overtek BKK sin 42% medeigarrett. Ved utløpet av denne tidsfristen hadde ikkje BKK nytta seg av denne retten. Som følge av denne salsopsjonen hadde SFE i årsrekneskapen for 2020 balanseført 100% av utbyggingskostnaden knytt til Østerbø kraftverk og balanseført ei forplikting for forventa vederlag til BKK, jmf. note 27 Avsetningar for forpliktingar. Som følgje av at opsjonen ikkje lenger er aktuell, har SFE reversert balanseføring av 42% av utbyggingskostnaden, inkl. påløpt renteforplikting, og 100 % av balanseført forplikting for forventa vederlag til BKK knytt til Østerbø kraftverk. Tilbakeføring av avsetninga betrar SFE sitt halvårsrekneskap med 16 MNOK etter skatt.

Kjøp av 132 kV-nett frå Statnett

Linja AS, SFE si nettverksemd, har inngått avtale om å kjøpe Statnett sitt 132 KV-nett i Sogn med verknad frå 01.07.21. Vi har ei leigeavtale med Statnett for desse anlegga frå 01.01.-30.06.21. Vårt rekneskap inkluderer derfor tariffinntekter og driftskostnader for anlegga frå 01.01.21. Kjøpesummen på 151,3 MNOK inngår i balansen som ein del av andre kortsiktige fordringar då beløpet vart betalt til Statnett 30.06.21. I 2. halvår vil kjøpesummen bli allokert til rett driftsmiddel og inngå i vår nettkapital. Det er ikkje bokført avskrivningar knytt til «Statnett-anlegga» i rekneskapet for 1. halvår.



Erklæring frå styret og konsernsjef

Styret og konsernsjef har i dag handsama rekneskapet for 1. halvår 2021 for Sogn og Fjordane Energi AS, konsern.

Vi erklærer etter vår beste overtyding at:

- konsernrekneskapen pr. 30.06.2021 er utarbeida i samsvar med IAS 34 – Delårsrapportering og er utarbeidd etter internasjonale rekneskaps-prinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) fastsett av EU, med krav til tilleggsopplysningar som følgjer av rekneskapslova, samt at
- rekneskapsopplysningane gjer ein rettvisande og heilskapleg oversikt av selskapet og konsernet sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling samt at
- rekneskapen for 1. halvår 2021 gir ein rettvisande oversikt over
 - utviklinga og resultatet til konsernet samt dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar konsernet er eksponert for

Sandane 30.08.2021

Sigurd Reksnes
- styreleiar -

Jannicke Hilland
- nestleiar -

Arvid Andenæs

Jan Helge Dale

Henrik Oppen

Olin Johanne Henden

Erling Austreim

Kevin Skinlo-Denton

Kjell Asle Bakkebø

Johannes Rauboti
- konsernsjef -

Til styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Fråsegn om forenkla revisorkontroll av delårsrekneskap

Innleiing

Vi har føreteke ein forenkla revisorkontroll av vedlagte konsoliderte balanse for Sogn og Fjordane Energi AS pr. 30. juni 2021 og tilhøyrande resultatrekneskap og oppstilling over endring i eigenkapital og kontantstrømoppstilling for seksmånadersperioden som blei avslutta per denne datoen, medrekna eit samandrag av rekneskapsprinsipp og tilhøyrande notar. Leiinga er ansvarleg for utarbeiding og framstilling av delårsrekneskapet i samsvar med IAS 34. Vår oppgåve er å gje ei fråsegn om delårsrekneskapet basert på vår forenkla revisorkontroll.

Omfanget av den forenkla revisorkontrollen

Vi har føreteke vår forenkla revisorkontroll i samsvar med ISRE 2410 *Forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap, utført av foretakets valgte revisor*. Ein forenkla revisorkontroll av eit delårsrekneskap består i å rette forespurnadar, primært til personar med ansvar for økonomi og rekneskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlingar. Ein forenkla revisorkontroll har eit betydeleg mindre omfang enn ein revisjon utført i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane (International Standards on Auditing), og gjer oss følgeleg ikkje i stand til å oppnå sikkerheit for at vi er blitt oppmerksame på alle vesentlege forhold som kunne ha blitt avdekka i ein revisjon. Vi gjev difor ikkje ei fråsegn om revisjon på dette rekneskapet.

Konklusjon

Vi har ved vår forenkla revisorkontroll ikkje blitt oppmerksame på noko som gir oss grunn til å tru at det vedlagte delårsrekneskapet i det alt vesentlege ikkje er utarbeida i samsvar med IAS 34.

Oslo, 30. august 2021
ERNST & YOUNG AS

Signert elektronisk

Finn Espen Sellæg
statsautorisert revisor